



Tilvenning og overgangar i Mosmarka barnehage SA:

Gjennom åra i barnehagen er det fleire overgangar for barnet. Først når barnet er heilt ny i barnehagen, så overgang frå småbarn til storbarn, og til slutt overgang til skule. Vi har laga interne planar for å sikre alle desse overgangane. Her får du ein kortare versjon av planane og framgangsmåte i høve dei:

Ny i barnehagen, tilvenning:

Overgang frå kvardagen heime med familien og til barnehagen er stor for både barnet og resten av familien. Det er viktig at barnet får ei positiv oppleving av tilvenningstida der det kjenner seg sett, forstått og er trygg. Det er ulikt korleis tilvenningstida er for kvart barn. Her i Mosmarka barnehage legg vi til rette for kvart einskilt barn og familie. Nokre barn finn seg raskt til rette og vert trygg saman med ein ny voksen, andre brukar lengre tid. Begge deler er heilt normalt. Det er vanleg at barnet først knyt seg opp mot ein fast voksen. Når foreldra har gått heim og kvardagen er i gang så jobbar vi aktivt med at barnet skal verte godt kjend med alle dei andre på avdelinga. Dette er viktig då alle vaksne ikkje er til stades gjennom heile opningstida.

Tilvenninga vert i hovudsak rekna til minimum tre dagar. Den første dagen med oss vil vere i maks to timer. Andre dag maks fire timer og den tredje dagen på maks seks timer. Det er ikkje alle barn som klarer å ha fulle dagar i barnehagen dei første vekene. Vi oppmodar difor til at ein set av tid til dette og prøver å legge opp dagane slik at dei kan verte kortast mogleg, spesielt den første tida. Når barnet får plass i barnehagen vil de få invitasjon til besøksdag i juni, samt eit informasjonsmøte på kveldstid. Då vil de få med skriv heim som skal fyllast ut, samt litt praktisk informasjon og tips til før og etter barnehagestart. Om barnet ditt treng ekstra tilrettelegging så ta kontakt med barnehagen så tidleg som råd slik at vi saman kan legge til rette for ein god start og samarbeid.

Overgang mellom småbarn og storbarn.

Det året barnet fyller tre år startar det på storbarnsavdeling ved nytt barnehageår i august, då vert barnet kjent med nye barn og vaksne. Gjennom året besøker småbarn storbarnsavdelingane slik at dei får litt kjennskap til både barna som går der og til dei vaksne. Etter jul bruker vi med jamne mellomrom å ha 2-årsklubb slik at barna vert betre kjend på tvers av avdelingane. I Juni set vi opp gruppесamsetninga for neste år. Då har vi ei heil veke med besøksdagar for dei som skal over til storbarn. Der får dei treffen dei nye vaksne og barnegruppa dei skal vere saman med året etter. Dei har med seg ein voksen frå si avdeling som er der gjennom veka. Pedagogane har overgangssamtalar saman for å sikre oppfølging

av barnet og at nødvendig informasjon vert gitt vidare. Når barnet startar ved nytt barnehageår i august bruker vi god tid på å danne gode og trygge relasjoner til kvart enkelt barn. Vi har også mykje fokus på gruppedynamikk og at alle barna skal få gode felles opplevingar ilag.

Overgang mellom barnehage og skule.

Det er ein stor overgang for barnet å starte på skule. Barnehagen skal legge til rette for at barna får kjennskap til kva som skjer når dei begynner på skulen. I Mosmarka gjer vi det slik at vi har 6-årsklubb siste året, minst ein gong pr veke. Her får barna leike saman, verte kjende med omgrep som tal, form, bokstav, sortering gjennom leik, aktivitetsbok og brettspel. Dei har også litt om førstehjelp og går på turar i nærområdet. Etter jul er dei på besøk til skulane i sentrum, er rosa russ og overnattar i barnehagen.

I februar har rektor og pedagog møte om barnegruppa som skal byrje på skulen

På våren tek skulen kontakt og har samtalar med ansvarleg pedagog om barnegruppa dei skal ta imot. Når skulen har laga til klassene og barna har fått kontaktlærar så har pedagog møte med han for å gi informasjon om kvart enkelt barn. Dette må vi ha løyve frå foreldra til å gjere. Om barnet treng meir tilrettelegging , så startar dette samarbeidet tidlegare.